

# I- og A-form

Eg segjer det høgt, om det enn tykkjest rart  
at a'en er svart.

Og samstundes strikar eg under, med krit,  
at i'en er kvit.

Eg ynskjer eit samspel av svart og av kvitt  
i morsmålet mitt.

Men vert der for ov-store mengder med a,  
det er ikkje bra.

Då vert det for augo so underleg dökkt,  
som ljuset vert slökkt.

For sola med a, so ukjenneleg vart:  
mest bikande svart.

Sjølvså som renn gjennom grender og tun,  
vert burt i mot brun.

Og håa som veks fram på hausten, på bø'n,  
ho vert ikkje grøn.

For sola på himlen, og Sola på Jær'  
mest jamlita er.

På jorda vert orda kring borda so grå  
i enden å sjå.

Og skjora som mora tek snøra i frå  
på fjøra vart grå.

Og kua i trua til matbua kom,  
då vomba var tom.

Til møya på øya kom friarar få,  
avdi ho var grå.

For brua om flua ho bar ikkje bra,  
beilt omflødd av a.

Sjølvsgeita ho gjekk seg i veita, fordi  
det skortar på i.

I husa vart musa av krusa so styrkt,  
avdi der var myrkt.

Og merra drog vogna med gogna i kav,  
då hjula datt av.

Og ferda i verda vart tung og vart trå,  
for store og små.

Sjå guten i lia med skia, kor tam  
han kavar seg fram.

Han kan kje for tia få skia te gli  
av mangel på i.

Tenk om me fekk i-form. Han stor-formi fann,  
og langrennet vann.

Vårt morsmål vert myrklagt, alt meire og meir,  
vert a'ane fleir.

Me difor må styra ein likare kos,  
mot klarare ljøs.

Vett a-diktaturet i røys og i krak.  
Tak i'en i bruk.

Johs. M.L. Rydland.